

# KOMMUNAL PLANSTRATEGI

## 2023-2027

Vedtatt K-sak 107/24

*«Planar er ingenting. Planlegging er alt»*



## 1. INNHALDSFORTEGNELSE

Innleiing.....	2
Det kommunale plansystemet.....	3
Nasjonale forventingar til kommunal planlegging.....	3
Regional planstrategi og Fylkesplan .....	4
Utviklingstrekk og utfordringar.....	4
Prioriterte planoppgåver 2023-2027.....	11
Vedlegg / Faktakjelder.....	12



## 2. INNLEIING

Kommunal planstrategi er eit verktøy i plan- og bygningslova. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør prioritere eller vidareføre for å oppnå ønska samfunnsutvikling.

Plan og bygningslova har slik formulering kva angår kommunal planstrategi:

### *§ 10-1. Kommunal planstrategi*

*«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden. Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves. Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»*

Som det går fram av lovteksta er planlegging behovsstyrt og bør ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Dette er også nedfelt i plan- og bygningslova §3-1 om «*oppgaver og hensyn i planlegging etter loven*».

Det sentrale i lovkravet ang planstrategi er altså at kommunen skal drøfte planbehovet sett i lys av dei utfordringane regionen og kommunen har både som samfunn og som organisasjon, og det er kommunen sjølv som gjennom politisk vedtak bestemmer innhaldet i planstrategien.


Før kommunen fattar politisk vedtak skal kommunen høyre nabokommunar, samt regionale og statlige organ. Vidare skal framlegg til kommunal planstrategi gjerast offentlig kjent i minst 30 dagar før kommunen vedtek planstrategien gjennom politisk vedtak.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan. Planstrategien er følgelig ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men som nemnt er det ein arena for å drøfte kommunen sitt planbehov sett i lys av dei utfordringane kommunen har både som samfunn og som organisasjon.

Planstrategien vert med dette retningsgivande for kommune, men den har ingen rettsverknad for kommunen som forvaltningsorgan eller som organisasjon. Den har heller ingen rettsverknad for kommune sine innbyggjarar, og det kan heller ikkje fremjast motsegn mot kommunen sin endelige planstrategi.



### 3. DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET




Sande kommune har som andre kommunar eit overordna kommuneplanverk som består av ein samfunnsplan og ein arealplan. I tillegg er det utarbeidd fleire planar innanfor ulike tema og tenester. Figuren viser planstrategien sin plass i det kommunale plansystemet, samt samhengane mellom dei meir langsiktige kommuneplanane og dei årlige handlingsplanane og årsbudsjett.

Planarbeidet i Sande kommune er fordelt i organisasjonen. Kommunedirektøren koordinerer arbeidet med det overordna planverket. Teknisk sektor koordinerer arbeidet med dei fysiske arealplanane på reguleringsnivå.

Koordinering av øvrige temaplanar/tenesteplanar ligg til aktuelle sektor å samarbeide om. I tillegg til å nytte "sektorressursar" i planarbeidet kjøper Sande kommune også ein del plantenester både for å sikre kapasitet og kompetanse.

### 4. NASJONALE FORVENTNINGAR TIL KOMMUNAL PLANLEGGING.




Med heimel i PBL § 6 -1 blir det kvart fjerde år utarbeida eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Det nyaste dokumentet vart vedteke i 2023, og det er dette som vil vere førande for dette planarbeidet.

I gjeldande «forventningsbrev» legg regjeringa vekt på at vi står overfor slike store utfordringar:

- skape eit berekraftig velferdssamfunn
- skape eit økologisk berekraftig samfunn
- trygge inkluderande lokalsamfunn
- skape eit trygt samfunn for alle





I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (2023) kjem det også tydeleg fram at regjeringa fastheld at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. FN sitt berekraftsmål ligg difor til grunn for dei nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Det er også difor naturleg og viktig at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i kommunen. FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.



## 5. REGIONAL PLANSTRATEGI OG FYLKESPLAN


Gjeldande regional planstrategi (2021-2024) vert erstatta av ny regional planstrategi for 2025-2028 i løpet av inneverande år.

Kunnskapsgrunnlaget for den nye regionale planstrategien finn ein i vedleggsoversikta. Utfordringane som fylket står framfor er samanfallande med dei utfordringane Sande kommune har i lag med ei rekke andre kommunar i fylket.

## 6. UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

Globalisering, urbanisering, digitalisering og KI fortsetter å endre verden. Den globale oppvarminga gir store klima- og miljøutfordringar, og ein ny sikkerheitspolitisk situasjon i verden skape tilsvarande global usikkerheit som følgje av politisk og økonomisk uro. Desse trendane påverkar også oss lokalt – den demografiske utviklinga, auka vanskar med rekruttering av arbeidskraft, meir utfordrande økonomi er eksempel på dette.


Befolkning og -sammansetning er grunnlagsdata som tal på innbyggjarar, alders- og kjønnsfordeling, flyttemønster, osv. Denne informasjonen er viktig i vurderinga av totalbiletet i kommunen. Utviklinga av sammansetninga av befolkninga, vil for eksempel kunne påverke strategiske val i framtidige kommuneplanar sin samfunns- og arealdel. Befolkningsutviklinga er avgjerande for kommunen sitt inntektsgrunnlag og tilgang på arbeidskraft, og det er ein viktig faktor når ein skal vurdere tenestebehovet fram i tid.



Sande kommune har hatt ei negativ folketalsutvikling over tid. Figuren viser utviklinga for ulike aldersgrupperinger frå 1990 og fram til i dag. Som ein ser har gruppa på 67 år og oppover vore stabil gjennom denne perioden. Aldersgruppene frå 0 til 19 år har hatt ein

reduksjon har hatt ein reduksjon, men aldersgruppa 20 til 66 år har vore stabil sidan 2010.

Ser vi på befolkningsframskrivningane framover mot 2050 vil folketallet i Sande vere rimelig stabilt målt i antal innbyggjarar, men som ein ser under vil kommunen få ei eldre befolkning enn vi har i dag. Utviklinga med fleire eldre føre til færre yrkesaktive og færre barn/unge. Dette føre vidare til redusert tilgang på arbeidskraft, noko som også vil utfordre det offentlige tenestetilbodet fram i tid.



I Sande kommune er om lag 20 % av innbyggjarane innvandra frå andre land. I hovudsak er dette arbeidsinnvandring frå Aust-Europa. Vidare er det ein del personar som bur i Sande som har status som flykningar.



Tabellen viser i all hovudsak kva land nemnt innbyggjarar har innvandra frå:

Sverige	Litauen	Polen	Tyskland	Ukraina	Eritrea
4	82	179	16	56	10





Når ein skal vurdere eit framtidig tenestebehov kan ein ikkje kun sjå på framskrivingar av folketalet i ulike aldersgrupper. Ei anna viktig kjelde er å sjå på den faktiske kunnskapen om tenestebehovet slik det har utvikla seg fram til i dag. Som ein ser er utviklinga negativ dei siste 10 åra mtp andelen personar over 18 år som er uføretrygda, og utviklinga er mest negativ i gruppene unge vaksne. Sivilt status og hushaldning/bustad er ei anna viktig kunnskapskjelde når kommunen skal vurdere framtidige tenestebehov, m.m. Her viser statikken at om lag 40 % av befolkninga i Sande over 18 år lever som single, og ein legg til grunn at dei fleste av desse bur i single hushaldningar – og motsett legg ein til grunn at gifte og sambuarar bur i felles hushaldningar. I Sande bur det i snitt 2,17 personar pr hushaldning.





Gjennom Ung-Data kan ein sjå at einsemd og utanforskap er ein aukande trend og i Sande. Vi finn igjen denne trenden i statistikken som viser at 36 personar mellom 15 og 29 år som står utanfor arbeidslivet, og er ikkje under utdanning eller på arbeidsmarknadstiltak. I 2010 var dette antalet 34 personar. Sjølv om antalet personar har vore rimelig stabilt, er altså forholdstalet vore aukande frå 2010 og fram til i dag. I hht levekårsprofilen er den generelle folkehelsa til befolkninga i Sande rimelig lik landet for øvrig. Muskel- og skjelettplager og overvekt er noko høgare enn landet/fylket, medan andre indikatorar som plass (bu-areal) og økonomi (gjeldsgrad) er betre enn landet/fylket. I 2021 vart det gjennomført ei større folkehelseundersøking i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune og Folkehelseinstituttet. Deltakinga frå befolkninga i Sande kommune var så god at undersøkinga ga talmateriale på kommunenivå. Ut frå dette talmateriale seier befolkninga i Sande at trivselen i nærmiljøet er noko lav. Dette kan en trulig sjå i samanheng med lav score på spørsmål knytt til kulturtilbod, idrettstilbod, butikkar/serveringsstadar og offentlig transporttilbod. Tilsvarande gir befolkninga høg score på spørsmåla knytt til tilgang til sjø, deltaking i organisert aktivitet, bruk av alkohol og sukkerhalding drikke. Generelt så oppleve dei fleste innbyggjarane å ha god eller svært god helse.








Arbeidsmarknad og sysselsetting/arbeidsplassdekning er eit anna statistikkområde, og som også er sterkt knytt til folketal og folketalsutvikling. Sande kommune er ein del av ein bu- og arbeidsmarknad med korte avstandar, og det er mykje inn- og utpendling i samband med både arbeid, handel, og kultur. Arbeidsplassdekninga i Sande var i 2023 99%. Også i kommunane Herøy, Ulstein og Volda er dekning på 100% eller meir.



Sysselsettingstala for befolkninga i Sande har 3-4 åra vore rimelig stabile, og det er fortsatt sekundærnæringane som samla sett har dei fleste arbeidsplassane i Sande kommune.



Sande kommune er vertskap for mykje maritim industri. Dette har tradisjonelt vore ei manndominert næring, og dette viser også igjen i statistikken. Same forholdet ser ein for tertiærnæringa – denne er kvinne-dominert, og ser ein vekk frå sjøfartsnæringa vert denne dominansen ytterligere forsterka. Sande har med andre ord fortsatt eit

relativt tradisjonelt kjønnsdelt arbeidsliv.

I følgje Miljødirektoratets oversikt står sjøfarta for om lag 75% av klimautsleppa i Sande. Øvrige utslippskilder er frå vegtrafikken og anna mobil forbrenning, energi og industrien.







Hushaldningane i Sande er gode på å sortere avfall. Av det som vart innsamla i SSR-området i 2023 vart 63% gjenvunne. EU sitt måltal om 65 % materialgjenvinning frå hushaldningane innan 2030 skal dermed vere mulig å nå for Sande kommune.

For meir talfakta innan ulike samfunnsområder vert det vist til vedlegga.



Skal ein bu, leve og oppleve distrikta må det leggest til rette for gode samferdselsordningar. Situasjonen i dag er at samferdselstilbodet til innbyggjarane og næringslivet i Sande har store utfordringar, og vert opplevd som fråverande av fleire gruppe brukarar.

### **Buss/drosje**

I dag har busstilbodet i våre bygdelag så lav rutefrekvens at det i realiteten ikkje er noko busstilbod. Det er eksempelvis ikkje ei reell muligheit for familiar og einslige å nytte offentlige tenester som eks lege, tannlege, NAV, politi og sjukehus utan å ha førarkort og disponerer bil. Vedkomande kan kome fram til aktuelle tenestekontor ved å nytte kollektivtransport, men kjem seg ikkje heim same dag.

Våre ungdomar og eldre utan førarkort har kjent på denne utfordringa gjennom år, og tilsette i kommunen vert daglig gjort oppmerksame på denne utfordringa i arbeidet med både ungdomstilbod, busetting og integrering av flykningar, deltaking på div møter, kulturtilbod, osv.

Ytre Søre Sunnmøre er også einaste region i fylket som ikkje har ei gjennomgåande bussrute (FRAM Ekspress) som korresponderer med det øvrige ekspresstilbodet i Møre og Romsdal.

Drosjetilbodet i kommunen har vorte gradvis redusert som følgje av avvikling av drosjeselskap med påfølgande avvikling av drosjeløyver. Situasjonen i dag er trulig slik at antal løyver likevel er tilpassa marknaden, og ordninga «Heim for ein 50-lapp» og «TT-kort» er også tilgjengelig for aktuelle målgrupper i Sande.

Sande kommune har ved fleire anledningar utfordra fylkeskommune om å sjå på buss- og drosjetilbodet i samanheng for å gi eit betre kollektivtilbod gjennom ordninga med bestillingsdrosje i våre bygder. Ei slik ordning vil auke reisemuligheitene for dei som ikkje disponera eigen bil, og desse vil dermed få auka velferd gjennom fleire muligheiter. Med ei ordning der ein eksempelvis gjennom bestillingsdrosjer matar reisande inn til FV61, vil ein også styrke eksisterande rutetilbodet på FV61.



### **Ferje/samfunnsbåt**

Ferjetilbudet i rute 1066 har over lang tid hatt til dels store utfordringar som følgje av aldrande ferjemateriell.

Det har også til tider vore utfordringar m.o.t. kapasitet som følgje av auka trafikk i sambandet. Dette har ført til at bilar og gods har måtta stått over til neste avgang med påfølgande lang ventetid og auka transportkostander som resultat.

Siste åra har rute 1066 vore trafikkert av to ferjer sommarhalvåret.

Dette har gitt timesfrekvensar for dei reisande i sambandet, og kapasiteten i sambandet har gjennom denne ordninga vist seg å vere tilstrekkelig.

Alle erfaringar tilseier at to ferjer er løysinga for å få eit ferjetilbod med akseptabel frekvens og kapasitet.

Det har over tid utvikla seg eit godt partsamarbeid om samfunnsbåten/pendlarbåten i Sande. Det er helseføretaket som er kontaktpart for båten, og Sande kommune og helseføretaket har vidare ein samarbeidsavtale knytt til bruk og finansiering. Møre og Romsdal Fylkeskommune er inne i samarbeidet gjennom eit årlig driftstilskot til Sande kommune.

For Sande kommune er fylkeskommunen sitt driftstilskot avgjerande for å kunne oppretthalde tilbodet.


Samfunnsbåten/pendlarbåten har plass til 30 passasjerar og har eit universelt utforma design. Det er knytt noko utfordringar til kai-forholda til båten, og det er pr i dag usikkert korleis dette kan ordnast for framtida.





### **SAFAST og Rovdefjordsambandet:**

Kommunane Sande og Vanylven er vertskap for to store vegsamband – SAFAST og Rovdefjordsambandet. Begge vegsambanda er organisert som AS, og selskapa har over år arbeid for ei realisering av sambanda. Status for begge sambanda pr i dag er at det ligg føre godkjent kommunedelplanar, og begge prosjekta er vore gjennom kvalitetssikring fase KS1, ref fylkeskommune sin prosedyre for sjølvfinansierande vegprosjekt. Begge selskapa arbeider no vidare med utgreiing- og analysearbeid med siktemål om å kunne starte opp arbeidet med reguleringsplan for prosjekta.



Distrikta har behov for gode samferdselsordningar. Som skildra over har innbyggjarane og næringslivet i Sande kommune store utfordringar knytt til samferdsel, og det er behov for å gjere noko med desse utfordringane om bygdelaga i Sande skal utvikle seg vidare fram i tid. Tiltaka innan samferdselsutfordringane i Sande er knytt opp mot fylkeskommunale proberingar.

Det er derfor viktig at vi lokalt er godt representert på fylkeskommunalt nivå for å fremje og få prioritet for våre lokale samferdselsbehov.



## 7. PRIORITERTE PLANOPPGÅVER 2023-2027

Planbehov (namn)	Planadministrator (kven)	Formål og avgrensing (kort men konsis)	Merknader	Behov for kjøpte ressurser (stipulert i kr pr år)	Periode (2024-2028)	P5 vedtak (ja/nei)
<b>KOMMUNEPLAN / KOMMUNEDELPLANAR</b>						
<b>Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er saman med økonomiplanen kommunen sine overordna plandokument. Desse plandokumentene gir rammer for tenester og tiltak, samt for bruk og vern av areal i kommunen. Plan- og bygningslova stiller klare prosesskrav til arbeidet med kommuneplan.</b>						
Økonomiplan	Kommunedirektør			Nei, kun interne ressurser	årlig	Ja
Kystsoneplan	Kommunalsjef teknisk/landbruk	Fastsette arealformål for kommunen sine sjøareale	Arbeid pågår i interkommunal regi, motsegn ligg føre, omfattande motsegnsarbeid pågår mot dep - usikker framdrift.	Ja, ein må pårekne behov for eksterne ressurser for å løyse motsegnene frå off. mynde som ligg føre.	Pågår	Ja
Arealplan - byggegrenser	Leiar plan og næring	Fastsette byggegrenser mot sjø, vassdrag, og offentleg veg i areal- og reguleringsplanar.	Arbeid pågår, mål om framlegg til høyring sommaren 2024.	Ja, kjøp av konsulattenster til planarbeid og nødvendige utgreiingar. 250'.	Pågår	Ja
<b>REGULERINGSPLAN / OMRÅDEREGULERING</b>						
<b>Plantypen nyttast der det er krav om slik plan i kommuneplanen sin arealdel, eller der kommunen som mynde finn behov for meir detaljerte avklaringar og utgreiingar av arealet før løyve om tiltak vert gjeve. arbeidet med kommuneplan. Plan- og bygningslova stiller klare prosesskrav til arbeidet med reguleringsplan og områderegulering.</b>						
Gangveg Vik - Sætre	Kommunalsjef teknisk/landbruk		Reguleringsarbeid er i prosess.	Ja. 250' Pr år, investering, Utgreiingar kulturminner må	24-25	Ja
Larsneset (Restareale)	Kommunalsjef teknisk/landbruk		Reguleringsarbeid er i prosess.	Ja. 250' pr år, delvis investering, Utgreiingar kulturminner må påreknast.	24-25	Ja
Sandhamn byggefelt	Kommunalsjef teknisk/landbruk		Delar av areal er ikkje avklart i plan, planlegg disp og oppstart i same sak - intensjonsavtale om areal ligg føre.	Ja. 400' pr år, investering, Utgreiingar kulturminner og områdestabilitet må påreknast.	24-25	Nei
Breivika aust	Kommunalsjef teknisk/landbruk			Ja. 500' pr år, delvis investering, Utgreiingar kulturminner må påreknast.	26-27	Nei
<b>TEMAPLAN / FAGPLAN</b>						
<b>Tema- og fagplanar er planar for enkelte tema, fag, eller tenesteområder, og vert ofte utarbeidd for å utgreie og konkretisere særskilte tenestebehov. Slike type planar inneheld også ofte ein handlingsdel som vert lagt til grunn for prioriteringar inn i budsjett og økonomiplanar. Kommunen står fritt til å bestemme kva prosessar som skal leggast til grunn for ulike tema- og fagplanar, men aktivitetar som sikrar innbyggjar- og brukarmedverknad bør alltid takst i vare.</b>						
Levekårsplan	Kommunedirektør	Formålet med planarbeidet å arbeide for gode levekår i kommunen, og sørge for effektiv bruk av ressursane innanfor dei rammene kommunen			26-27	
Handlingsplan for oppvekst og kultur	Kommunalsjef for oppvekst og kultur	Handlingsplanen for oppvekst skal vere eit arbeidsverktøy for prioritering og utføring av oppgåver knytt til oppvekst. Handlingsplanen skal konkretisere overordna mål. Den skal vere konkret og tydeleg, og måla skal i stor grad vere målbare.			25-26	
Forebyggjande plan for barn og unge	Kommunalsjef for helse og omsorg	Formålet med planarbeidet vil vere innretta mot systematisk tiltaksarbeid for å samordne tenester og sikre tilbod retta mot barn og unge som har åtferdsvanskar eller på andre måtar har fysiske, psykiske eller sosiale utfordringar.			25-26	
Temaplan for klima og energi	Leiar plan og næring	Formålet med planarbeidet er tenkt tiltaksretta for å redusere utslipp av klimagassar og legge til rette for eit lav-utslippssamfunn også lokalt.			26-27	
Bustadpolitisk handlingsplan	Kommunalsjef helse og omsorg/kommunalsjef teknisk og landbruk	Formålet med planen er å avklare kva for satsingsområde innan bustadbygging kommunen skal arbeide med i planperioden, og vise kva for bustadpolitiske virkemiddel ein har for å stimulere til sosial og anna bustadbygging.			25-25	
Temaplan for vatn	Kommunalsjef teknisk/landbruk	Formålet med planarbeidet å gje ein samla oversikt over vassverka og drikkevassanlegga i kommunen og vurdere behov for tiltak på kort og lang sikt. Konsekvensar for det kommunale avløpsgebyret vil også verte synleggjort.			26-27	
Temaplan for avløp	Kommunalsjef teknisk/landbruk	Formålet med planarbeidet å gje ein samla oversikt over avløpsanlegga i kommunen og vurdere behov for tiltak på kort og lang sikt. Konsekvensar for det kommunale avløpsgebyret vil også verte synleggjort.			Pågår	
Temaplan anlegg for idrett og fysisk aktivitet	Leiar plan og næring	Formålet med planarbeidet er å legge til rette for tilgang til varierte anlegg og møteplasser for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i			Årlig	
Folkehelseoversikt	Kommunalsjef helse og omsorg	Formålet med folkehelseoversikta er å vise helsetilstanden i kommunen og identifisere faktorar som påverkar innbyggjarane si helse og med det danne grunnlaget for å sette i verk tiltak for å betre folkehelsa på både kort og lang sikt.			Pågår	
Ruspolitisk handlingsplan		Formålet med planen er å samordne kommunen sin ruspolitikk, her under det rusforebyggjande arbeidet. Dagens alkoholpolitiske handlingsplan bør fortsatt vere ein del i ein ruspolitisk handlingsplan.			26-27	
Frivillighetsplattform	Kommunalsjef for oppvekst og kultur	Formålet med Frivillighetsplattforma er å skape føreseielige og gode relasjonar mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar i			26-27	



## 8. VEDLEGG / FAKTAKJELDER

Folkehelseprofil for Sande

<https://khp.fhi.no/?malform=nb&year=2024&fylke=15&kommune=1514&profiltype=1>

Kommunestatistikk for Sande

<https://khp.fhi.no/?malform=nb&year=2024&fylke=15&kommune=1514&profiltype=1>

Klimagassutslepp i Sande

<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=454&sector=-2>

Arealrekneskap for Sande kommune

<https://app.powerbi.com/view?r=eyJrIjoiYjE0MDNjNGYtYjhhMy00ZDExLWE1NTYtZDY0NGVjY2M1MzA2IiwidCI6ImI5MzJlY2U3LTljZGYtNGQ5NC1iNGMxLTE1MjU2ZTQzYzdlYSIsImMiOi9>

Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og fylkesplan 2025-2028

<https://pub.framsikt.net/planoverview/mrfk/planoverview-po/content/data/planmetadata-0fa84447-ffaa-441f-a5f8-284528a74676/regional%20vassforvaltingsplan%202022-2027.pdf>

Regional planstrategi og fylkesplan 2025-2028

<https://pub.framsikt.net/plan/mrfk/plan-f20ed2ac-a744-4128-807d-cb8536fb3b25-23185/#/>

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028

<https://pub.framsikt.net/plan/mrfk/plan-fa8ba47a-c4ea-428b-9d9f-28d2ee437419-23184/#/>

Regional Vassforvaltningsplan 2022-2027

<https://pub.framsikt.net/planoverview/mrfk/planoverview-po/content/data/planmetadata-0fa84447-ffaa-441f-a5f8-284528a74676/regional%20vassforvaltingsplan%202022-2027.pdf>

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-nn.pdf>

